



Magne Huglen varmar opp framfor sitt svære danselokale med ein av sine mange gode hjelparar – Justyna Anna Janiszewska. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kvinnherad har ein låvedansbonde, Magne Huglen i Uskedalen. Bonden, som og er lærar på Husnes, har hatt stigande suksess med den originale, alternative bruken av den digre låven sin på Dønhaug . Laurdag 15. juli avviklar han open låvedans nummer seks (med Åmli-bandet frå Setesdal) og trur på rekordbesøk. Men han slepp ikkje inn fleir enn 600. Der stoppar skjenkeløyyet.**

### ***Gamal tradisjon får nytt liv***

Huglen er truleg den einaste på Vestlandet som arrangerar låvedansar av eit slikt format. Men låvedans er slett ikkje noko nytt, korkje i Noreg eller i Kvinnherad. I gamle dagar vart det dansa i mange låver (og sjøbuer), særleg før ungdomslokala kom.

Det er difor ein fin tradisjon som er vekt til live att mange stader i landet. På nettet les vi om låvedansar frå Troms i nord til Biri i sør. Og då sjølvaste Bruce Springsteen hadde konsert i Oslo Spektrum i mai vart det og kalla låvedans!

- Men du er åleine om å arrangera låvedansar i dette området, Magne?  
- Eg trur det, med ei lite unnatak ved ein mindre, tradisjonell låvedans på mi eiga barndomsøy Huglo. Men den kan ikkje samanliknast med mine dansar, som appellerar til eit stort publikum, svarer låvedansbonden.

Kombinasjonen med dyr er problemfri, for dyra går ute i sommarhalvåret. Og delar av fjøset blir nytta som toalett under dansane..

### ***Byrja med femtiårsdagen***

Magnes låvedansar er hans eige ide, som han fekk då han skulle runda 50 år hausten 2002. Då hadde han 120 til middag på låven og han fann at huset også var godt eigna til dans.. Samme året var det juletefest for skulen på låven. Den første låvedansen vart halde i mai 2004, og sidan har det gått slag i slag. I 2005 var det tre dansar og i år blir det fire.

Det har vore mellom 250 og 500 dansegilde på Dønhaug-låven. Det var 500 der no i juni.

I fjor, då Åmli var der fyrste gongen, kunne Magne ha seld 800 billetter, men fann det ikkje forsvarleg å sleppe inn fleir enn 400.

- Valet av danseband er jo temmeleg avgjerande for suksessen, nyttar du musikk-konsulentar med høg kompetanse?

- Nei, det som avgjer valet er kva eg sjølv likar å dansa etter. Eg vil ha ekte musikk, under vignetten country-rock, spela av band med særpreg som har evnen til å skapa show og liv i låven.

Eg har store forventningar til dei to siste dansane i år – også til det irske bandet som kjem i august. Det blir ein forrykande kveld!

Neste år satsar eg kanskje på nokon av dei mest kjende banda i landet, lovar Magne.

Så langt har alle dansane på Dønhaug gjeve overskott.

- Eg har lagt opp ein buffer og kan ta ein smell.

Det har gått utruleg bra økonomisk, men enda meir positivt er det at gjestene har tedd seg så fint – det har ikkje vore ein einaste episode, seier Magne.

På jordet har han åtte hestar. Dei hadde ikkje vore der utan tilskottet frå låvedansane.

- Og kanskje ikkje puben i kjellaren heller?

- Den gjev også overskott separat sett, men det er fordi opninga er svært begrensa.

Eg kan ikkje pådra meg faste lønnskostnader.

### **Danseglade heilt frå Oslo**

Dei fleste danseglade som strøymer til Dønhaug kjem naturleg nok frå Kvinnherad, Hardanger og resten av Sunnhordland, men det kjem og folk frå Stavanger, Bergen – og Oslo.

Magne fortel at folk frå hovudstaden har budd på Fjordhotellet og dansa på låven hans.

Innslaget av båtfolk er naturleg nok stort.

Det kjem mange positive tilbakemeldingar, også frå folk som driv med turisme.

Dønhaug Gjestegard byrjer å få eit godt ord på seg, som resultat av gode band. Folk trivst der også av andre grunnar, ikkje minst fordi det er ein vakker plass frå naturen si side. Og kombinasjonen mellom puben i kjellaren og dansen på låven appellerar til folk. Eit godt transport-tilbod heimatt er også noko som tel.

Tilhøvet mellom låvedansbonden og kommunen har til tider vore svært spent og det framleis. Magne hevdar at kommunen har gjort det så problematisk som mogeleg for han.

- Dei kunne gjort det enklare utan at det gjekk ut over formålet med alkohollova. Eg skulle ynskje at vi fekk litt enklare arbeidstilhøve. Slik det er no, har vi eit enormt stress over oss for ikkje å gjera feil, seier Magne.

Naturleg nok trur han ikkje det er grunnlag for meir enn ein låvedansplass i kvar bygd. Difor er det liten grunn for han til å venta konkurranse.

- Så lenge det går så fint og fredelig for seg skal eg halde fram, lovar låvedansbonden.

**Av Ola Matti Mathisen**